



Tokke kommune

Arkiv: D12
Saksnr.: 2009/290-5
Saksbeh.: Borghild Lurås Stahl
Direkte tlf.: 35075223
Dato: 18.08.2009

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kultur- og oppvekstutvalet	09/27	15.09.2009
Teknisk utval	09/20	22.10.2009
Kommunestyret	09/52	03.11.2009

Opprusting av Høydalsmo samfunnshus

Vedlegg:

- 1 Teikning A-100
- 2 Teikning A-101
- 3 Teikning A-102
- 4 Teikning A-300
- 5 Kostnadsoverslag alt. 1
- 6 Kostnadsoverslag alt. 2
- 7 Mail om kostnadar alt. 2

Saksdokument:

Kou-sak 09/19.
Referat frå møte i arbeidsgruppa

Saksutgreiing:

Høydalsmo samfunnshus vart bygd på 1960-talet og den gong var huset eit moderne bygg til og med med symjebasseng; det andre i kommunen. Skulen vart bygd fyrst og sto ferdig i 1959. Samfunnshuset og symjebassenget vart bygd på midten/slutten av sekstitalet. Huset har delvis blitt rehabilitert og påbygd seinare og har i dag lokale for skule, bibliotek, symjebasseng, festsal, rom for tannlege og helsesyster.

Per i dag er store delar av huset nedslite og manglar m.a. rom for lager og ikkje minst tilgjenge for alle, slik at huset kan brukast også om du sit i rullestol eller er rørslehemma på annan måte. Universell utforming er kravet i dag; tilgjenge for alle utan spesialinnretningar.

Ei gruppe av folk frå teknisk etat og skulen såg på tilhøva og kom til at noko må gjerast med huset.

Denne arbeidsgruppa vart sett ned etter vedtak gjort i kultur- og oppvekstutvalet i møte 14.04.09:

Leiar i kultur- og oppvekstutvalet, Thor Arne Heggveit, leiar i teknisk utval, Geir Arild Djuve, rektor ved Høydalsmo skule, Sten Rune Sannerholt, Aslak Slettemeås og Tone Midtbø frå teknisk etat og Borghild L. Stahl frå kultur- og oppvekstetaten.

Leiar i arbeidsgruppa vart Thor Arne Heggveit og sekretær Borghild L. Stahl.

Manglane ved huset som ein **må** finne løysing på er tilgjenge for rørslehemma, meir lagerplass, nytt ventilasjonsanlegg og opprusting av garderober og vassbehandlings-anlegget ved symjebassenget.

Arkitekt Nils Tveit vart kontakta og beden om å kome med skisser på opprustinga med kostnadsoverslag.

Det ligg no føre to framlegg:

Alt. 1 inneheld:

1. Opprusting av symjebassenget inkl. tekniske anlegg
2. Nødvendig opprusting av garderober
3. Heis
4. Tilbygg i to etasjar og underetasje mot vegen med :
 - ventilasjonsrom, reinhaldscentral og dusj for instruktør i underetg.
 - toalett/garderober, nytt inngangsparti, ventilasjonsrom og lager i 1.etg.
 - disponible rom til ulike føremål i 2. etg.
5. Nødvendige ramper for rørslehemma, innvendig og utvendig
6. Tekniske rom
7. Eitt disponibelt rom i underetg.

Kostnad: Kr 17.018.500 inkl. mva. på kr 3.179.000.

Alt. 2 inneheld alt.1 fråtrekt:

1. Opprusting av symjebasseng (bassengrom og teknisk anlegg)
2. Del av tilbygg; underetg. og 2. etg., blir ståande som råbygg, men ventilasjonsrom i underetg. må gjerast ferdig.

Kostnad: Kr 13.940.500 inkl. mva. på kr 2.604.000.

Konsekvensar:

- **Alt. 1:** Me får eit samfunnshus som er funksjonelt og i fylgje dagens krav; tilgjenge for rørslehemma, ventilasjon og tekniske rom og nødvendig rom til lager, opprusta symjebasseng og tilhøyrande garderober. I tillegg vil huset bli meir estetisk i og med at taket blir rausta over inngangspartiet og skrått på heile sida mot vegen. I dag har bygget eit tilbygg med flatt tak.
- **Alt. 2:** Løyser problema med tilgjenge for rørslehemma, ventilasjon og opprusta garderober ved symjebassenget. Men symjebassenget blir som før og må nok ha dispensasjon for å kunne brukast framover. Kor lenge ein kan drifte det med det tekniske utstyret ein har i dag er usikkert.

På siste møtet i arbeidsgruppa var gruppa samd om å gå for alt. 1.

Sidan sakshandsamaren også var medlem i gruppa, føler eg at det er rett å presisere at som sakshandsamar stiller eg "med blanke ark" i høve val av alternative framlegg til opprusting av Høydalsmo samfunnshus.

Samfunnshuset treng opprusting i og med det er vanskeleg å ta del i aktivitetane i huset som rørslehemma. Me kjem ikkje utanom å gjere forbetringar for å støtte dette kravet.

Største brukaren av huset, som er skulen, set opprusting av symjebassenget høgt og vil svært gjerne at det vert teke med i denne omgangen. Det har stor verdi i høve symjeopplæring. I dag ser me ei skræmmande utvikling i høve drukningsulukker. Om det har med mange "tome" symjebasseng å gjere kan me vel ikkje påstå, men tanken er nærliggjande. Barnehagen i Høydalsmo er også etterkvart blitt brukar av bassenget på dagtid, i tillegg til Lårdal oppvekstsenter som har si symjeopplæring i Høydalsmo.

Bassenget har vore ope frå oktober og til påske.

Me har fått eit fint opprusta badeanlegg på Dalen. Brukarane av det i skulesamanheng er ÅVOS, Byrte oppvekstsenter, Tokke skule, VTVGS og også barnehagen på Dalen. Om ein skal tenkje seg bare **eitt** badebasseng i kommunen vil det nok bli ei utfordring med logistikken, med mange omsyn å ta i høve timeplanar som skal gå opp for alle skulane og tid til reingjering av heile anlegget (treng ein dag per veke). Køyning til og frå krev meir tid (av undervisningstida) og det blir ein ekstra kostnad for den enkelte skule/barnehage. Byrte og ÅVOS har sjølv sagt desse ulempene også i dag med køyning til Dalen.

Symjebasseng i nærmiljøet er eit gode Høydalsmo/Lårdal har hatt sidan sekstisyttitalet og å ta det vekk kan nok oppfattast av mange som ganske dramatisk.

Opprusting av symjeanlegg med garderobar gjev høve til å søkje spelemidlar. Per i dag er reglane slik at til opplæringsbasseng (12,5 x 8 m) med garderobar kan ein få 1/3 av kostnadene opp til 2,5 mill. om departementet godkjenner søknaden. Dette er ikkje teke omsyn til i kostnadsoverslaga og vil kome til frådrag om søknaden blir etterkomen i fylket. Men me kjem nok truleg ikkje øvst på prioriteringslista dei fyrste åra med basseng nr. 2 i kommunen.

Sakshandsamaren set spørsmål ved om det er krav til heis i bygget i og med det er tilkomst for alle både i hovudetasjen og underetasjen og at det er toalett og garderobar på baa plan. Nils Tveit vart kontakta og var nok samd i den vurderinga, men at det var lurt å byggje heissjakta. Innkjøp og montering av heisstolen kunne utsetjast. Det vil gje ei innsparing på "huskostnadene" på kr 700.000. Når det blir nødvendig med heis må den installerast. (Om det skulle kome ein elev som er rullestolbrukar).

Samfunnshusdelen er mykje i bruk med ulike aktivitetar. Trim- og idrettsaktivitetar, særleg vinterstid, med både nasjonale og internasjonale renn, gjer sitt til at trongen for gode lokale er stor. Her må noko gjerast for å få universell utforming på bygget. Sakshandsamaren meiner nok at utbetring av samfunnshusdelen bør prioriterast.

Når det gjeld økonomi er det sett av 6 mill. til rehabilitering av Høydalsmo samfunnshus i budsjettet for 2009. Dette vil ikkje halde og det er trong for ytterlegare friske midlar.

Sidan den økonomiske stoda i kommunen er blitt ein annan enn det me er vane med, har eg problem med å gå inn for det dyraste alternativet sjølv om eg ser at det hadde vore det beste for dei som bur i Høydalsmo og Lårdal. Sjølv om kostnadene med å oppgradere symjebassenget ikkje er så svært store, kjem ein ikkje utanom drifts-kostnadene.

Alt. 2 vil ha om lag kr 500.000,- lågare drifts/kapitalutgifter i året. Då legg ein til grunn at mindre straumforbruk motsvarar auka utgifter til skyss når elevane då må få si symjeopplæring på Dalen.

Sakshandsamaren vil ut frå vurderingane som er gjort rå kommunestyret til gå inn for alt. 2 med frådrag av heisstol. Dette vil gje ei innsparing på totalt ca. kr 770.000.

Ein må då finne andre løysingar på symjeopplæringa for Høydalsmo skule og Lårdal oppvekstsenter om dispensasjonen uteblir.

Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommunestyre vedtek å rehabilitere Høydalsmo samfunnshus i fylgje alt. 2 frå arkitekt Nils Tveit, med frådrag av heisstol.
2. Finansiering må ein kome attende til i samband med rullering av budsjett- og investeringsplan for 2010-2013.

Saksprotokoll i Kultur- og oppvekstutvalet - 15.09.2009

Alice Haukelidsæter kom med framlegg om å utsetje saka.

Framlegget fall mot ei røyst.

Thor Arne Heggveit fremma fylgjande framlegg:

"Tokke kommunestyre vedtek rehabilitering av Høydalsmo samfunnshus i fylgje alt. 1 frå arkitekt Nils Tveit med fråtrekk av heisstol, men der opprusting av bassenget er inkludert."

Framlegget frå Thor Arne Heggveit vart tilrådd vedteke mot ei røyst.

Vedtak

Tokke kommunestyre vedtek rehabilitering av Høydalsmo samfunnshus i fylgje alt. 1 frå arkitekt Nils Tveit med fråtrekk av heisstol, men der opprusting av bassenget er inkludert.